



TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 5

2014

ÅRGANG 29

KARL SEGLEM og HÅKON HØGEMO på

KLUBBEFESTEN

– ein fest for sogningar, fjordingar og anna godt folk...

laurdag **8. november** 2014 kl 19.00



Dansemusikken, **Kringslått**, har me også hyrt heimanfrå; duoen **Helene Myklemyr** frå Jostedalen og **John Oddvar Kandal** frå Breim, dei to kan kunsten og syter for drivande godt dansespel!



FOTO: Helheim Foto, Jalster ©

GLADMELDING

Gjenopning og smalahovehelg
laurdag 25. oktober frå kl. 15.00



FOTO: Alv Reidar Dale ©

Snakk om lagshaust!

For oss som er aktive i lagsarbeidet, kjem hendingane tett som hagl no i haust, og for deg som er medlem, er det berre å hiva seg med, me har mykje moro, godt og triveleg att no utetter.

Helga som var, 11.–12. oktober, feira Sogn og Fjordaneringen 60 år med eit kort, lærerikt oppfriskingskurs, flott festmiddag og rikeleg dans, kaffi og kaker på Klækken Hotell. Det var utruleg kjekt å vera med på. Kjem fyldig melding med foto derifrå i neste nr. av lagsbladet.

Laurdag 25. oktober gjenopnar laget Sunnfjordhytta Pustut offisielt etter tre års reovering, med graut og spekemat på dagtid og med smalahove og vossakorv på menyen, kaffi og kake og litt seremoniell på programmet om kvelden. Den helga må de få med doke! Sjå eiga side.

Og så står den 87. klubbefestren for tur **laurdag 8. november**, med musikaren **Karl Seglem** og folkemusikar **Håkon Høgemo**, båe frå Årdal i Sogn, på podiet. Og til dans spelar duoen **Helene Myklemyr** og **John Oddvar Kandal** i «Kringlått». Det er rett og slett berre å setja av kvelden til klubb og konsert i Storsalen i Nordahl Bruns gate, alt om festen på midtsidene!

For dei som vil oppleva og vera med på to gode kulturkveldar, tek me med at Symra skipar til Klara Sem-kveld i Storsalen **onsdag 22. oktober kl. 19.30**, med Tor Stallvik og fleire.

Og **onsdag 5. november kl. 19.00** bed Målnemnda i BUL og fylkesmållaget Vikværingen inn til kveld om diktboka «Symra» av Ivar Aasen, utgj. i 1863, i Teatersalen, Rosenkrantz' gate 8. Professor Terje Aarset kåserer, Vegar Sandholt spelar. Song og allsong. Gratis inngang.

Fylg elles med på det som skjer på nettsidene våre – sjå nest siste sida.

Alv Reidar Dale
Lagsleiar

konsert med **KARL SEGLEM og HÅKON HØGEMO** på *KLUBBEFESTEN* – ein fest for sogningar, fjordingar og anna godt folk... laurdag **8. november** 2014 kl **19.00**

Til klubbefesten 8. november har me henta **kremen av musikkarar frå Sogn** (trur ikkje resten av kremen blir sur, om me seier det): **Karl Seglem og Håkon Høgemo** frå Årdal!! Me torer lova at folk får oppleva spel av det sjeldne slaget den kv.!

Karl Seglem, som har fått fleire prisar og driv eige plateselskap, spelar på både bukkehorn, tenorsax og antilopehorn. Både jazz- og folkemusikar, internasjonalt kjend. Og skriv dikt, som han også vil dela med oss. Har hausta glitrande kritikkar for siste plata, innspelinga av tingingsverket «Som spor» til Vossajazz i 2012. (Både den og andre CD-ar kan du kjøpa på festen og sikkert få signert).

Håkon Høgemo er ein framifrå folkemusikar, og

FOTO: Oddleiv Apneseth ©

har vunne A-klassa i hardingfele på Landskappleiken fleire gonger. Han spelar mykje i lag med Karl og andre toppmusikkarar, både på konsertar og plater, og er læremeister på Musikkhøgskulen.

Dansemusikken, **Kringslått**, har me også hyrt heimanfrå; duoen **Helene Myklemyr** frå Jostedal og **John Oddvar Kandal** frå Breim, dei to kan kunsten og syter for drivande godt dansespele!



FOTO: Oddleiv Apneseth ©

Klubbefesten, haustens kulinariske og kulturelle høgdepunkt for utflytte fjordingar og sogningar og nærskylde, samlar folk ved festpynta langbord i Storsalen for 87. gong!

Klubben/raspeballane vert laga på steinmale byggmjøl frå Fjelli på Nordsida i Stryn, og blir servert med mykje godt til, kaffi og k... attpå. Og Klubbevisa, Nordfjord-

songen og eit par andre viser får i år fylgje av ein sognasong, for me skal markera at Sognalaget ville ha vore 100 år i år!

Så få med deg folk og kom på Klubbefesten i Storsalen i Nordahl Bruns gate 22, laurdag 8. november kl. 19.00!

Påmelding og pris:

Festen kostar berre 300 kr. for medlemmer og 400 kr. for andre. Det er svært rimeleg for full middag, fyrsteklasses underhaldning og dans til levande musikk!

Påmeldingsfrist er fredag 31. oktober.

Meld dykk på anten til: Jofrid Holter, e-post: jofrid.holter@hioa.no tlf. 975 91 542, eller til: Anny Sollid, e-post: anny.sollid@online.no



FOTO: Helgeheim Foto, Jalster ©

GLADMELDING
Gjenopning og smalahovehelg
laurdag 25. oktober frå kl. 15.00



Endeleg vert det skikkeleg gjenopning av Sunnfjordhytta *Pustut*, der ein trufast gjeng har gjort ein stor innsats over år no og bygt om og renovert lagshytta til god standard og ein svært triveleg samlingsstad!

• **Laurdag 25. oktober** opnar me dørene til offisiell gjenopning og tradisjonell smalahovefest om kvelden. De er velkomne til tuns frå i totida og så lenge de lystar, også til overnatting (ta med lakenpose/sovepose og frukostmat), eller ein kan ta seg heim utpå kvelden (hugs lykt).

Klokka tre vert det servert graut og spekemat, kaffi og kake for dag-gjester, om kvelden kl. 19 kjem smalahove og vossakorv på bordet for festlyden. Då skal me også gjera litt æra på dei som har drive mest med ombygginga og renoveringa av hytta. Folk må ta med eige drikke.

Prisar: 100 kr for ettermiddagsbesøket, 200 for festkvelden, 250 for både dag og kveld + 50 for overnatting. Ta med peng eller set inn på konto 0531 27 71723 og merk meldinga med 'Pustut' og eige namn.

Påmelding seinast 23. oktober til Agnar Hegrenes:
agnar.hegrenes@nilf.no / 924 96 438



Sogn og Fjordaneringen

Sognespringarkurs den 14. desember

Har fått tilbakemelding frå Bjørg og Kjell Berge. I samband med juletur til Oslo, held dei Sognespringarkurs i Halli søndag 14. desember kl. 18.00 til 19.30. Atle Haugen og Arild Langseth spelar. Ei helsing med takk til instruktørar og spelemenn.

Helsing Tone Eid



Sognespringarkurs 28. september 2014. Instruktørar: Bjørg og Kjell Berge.
Spelemenn: Atle Haugen og Arild Langseth.



Sognespringarkurs 5. november 2013.

VIKTIG MELDING – LAGSBLADET:

No vert lagsbladet Tre Fjodar sendt ut berre i digital form til alle laget har e-postadresser til. Me bed folk senda inn e-postadressa si til agnar.kvallestad@krøllalfa.nmbu.no, slik at de kan få kunngjeringar med e-post også mellom utgjevingane. Dei som ikkje har slik adresse, får sjølvsagt framleis papiravisa.

Osteselskap på Nordfjordhytta 4. - 5. oktober

Dei fleste åra har denne tradisjonsrike samlinga på Nordfjordhytta blitt lagt til september. I år vart det litt seinare. Likevel klarte vi ikkje å styre unna kollisjon med andre arrangement. Det var nok viktigaste grunnen til at det var litt færre deltakarar i år enn vanleg.

Vi som var der hadde ein svært hyggeleg kveld rundt det rikholdige ostebordet. Bordsetet vart avslutta på utradisjonelt vis med eventyret om Skarvane frå Utrøst.

Søndag var det lang frukost med osteskalkefest.

Takk for ei fin helg.

Dagfinn Aa



I hytteveggen frå venstre: Astrid Gjørven, Randi Solheim, Marta Reksten, Anne-Lise Berggren: *Foto Dagfinn Aa*



Randi skildrar årets
ostepartyhelg i hyttEboka.
Foto: Anne-Lise Berggren



Rundt bordet frå venstre: Dagfinn Aa, Marta Reksten, Oddvar Bjordal, Randi Solheim, Astrid Gjørven. *Foto: Anne-Lise Berggren*

Gode målvener

De er hjarteleg velkomne til kulturkveld
om diktboka Symra

onsdag 5. november kl. 19:00
i Teatersalen, Bondeungdomslaget i Oslo, Rosenkrantz' gate 8.

Professor Terje Aarset kåserer, og
Vegar Sandholt spelar kjende og kjære melodiar. Song og allsong.

Tilskiparar: Målnemnda i BUL og Fylkesmållaget Vikværingen.
Gratis inngang.

Sprei gjerne meldinga til medlemmer og sympatisørar.

Beste helsing tilskiparane.

PROGRAM FOR HAUSTEN 2014

Tilskippingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar. Sjå

<http://www.sognogfjordanelaget.no/>

<http://sognogfjordaneringen.no>

<http://sognogfjordaneringen.no/aktivitetskalender/>

Opplysingar om folkedanstilskipingar finn ein på <http://folkedans.com/>

og <http://www.bls.no/index.php?pubid=kalender&>

Kvar tysdag Kl. 18–22 Folkedansøving i Storsalen. Første gong 27/8.

Første tysdag i kvar månad møtes vi på Kaffistova i Rosenkrantzgate kl. 17 til middag. Med medlemskort i Sogn og Fjordanelaget får ein rabatt.

Helga 4-5/10 Osteselskap på Nordfjordhytta

Laurdag 11/10 Sogn og Fjordaneringen feirar 60 år

Helga 25-26/10 Gjenopning av Sunnfjordhytta Pustut

Laurdag 8/11 Klubbefest

Tysdag 10/12 Juleavslutting i Ringen

Søndag 14/12 Sognespringarkurs

Lagsavisa Tre Fjorlar - fristar mm.

Frist for innsending av stoff til den neste avisa er **25/11**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Vi er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt til agnar.kvellestad.krøllalfa@nmbu.no. Alternativt til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Bilete er velkomne; helst digitale, men vi tek også imot papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad, Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal. (tlf.nr. på baksida).

A

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo

STYRET

Leiar: Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)
a.r.e.dale@uniforum.uio.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63
hilmar@gmail.no

PRESSE & PR

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
agnar.kvellestad@nmbu.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)
agnar.hegrenes@nilf.no

Kontakt Sunnfjordhytta:

Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)
andorgj@frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta:

Dagfinn Aa 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)
daa@ssb.no

SOGN OG FJORDANDERINGEN

Leiar: Anne-Lise Berggren 67 14 11 95 (p) - 67 14 73 50 (a)
alb@geofrost.no
